




## Palmafossen skule

Visjon - Tryggleik, likeverd og læring.



### Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

Skoleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
Elevtal	109	174	175	185	6,3%
Kapasitet	Normal: 200		Maks: 223		
Kapasitetsutnytting av normal kapasitet		87%	87%	92%	
Gjennomsnitt klassestorleik	15,5	24,8	25	26,4	
Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)	12,68	14,78			
Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)	11,65	14,70			
Tal barn i SFO	68 (32 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtala i 2045 (i prosent)

### Bemannning


Årsverk leiarressurs	161%
----------------------	------



<b>Årsverk lærarressurs</b>	1370%
<b>Median alder, tilsette</b>	43
<b>Kompetansebehov – Kva manglar me?</b>	Engelsk, Spesialpedagogikk, Teiknspråk.

## Økonomi

Rekneskap 2023	18 155 812,-
Rekneskap 2024	20 609 502,-
Budsjett 2024	21 185 223,-
Budsjett 2024, utan SFO	19 993 329,-
Rekneskap 2024, utan SFO	19 405 558,-



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

## Bygningsmasse

<b>Byggjeår</b>	1971/2017	
<b>Bruksareal</b>	2549 m <sup>2</sup>	
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna
		Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

## Andre tilhøve

Avstand til Vossevangen	3,2 km.
Avstand til Gjernes skule	4,2 km.
Tilhøve ved skulevegen	Hjartesone, låg fart og fartsdump ved skuleområdet. Skuleåret 2024/2025 hadde 52% skuleskyss
Særlege tilhøve ved skulen	I dag har skulen fleire brakker på skuleplassen. Desse inneholdt 2 store klasserom, nokre grupperom og toalett.  <b>Praktisk læring på Palmafossen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Skulekjøkken</li><li>- Uteskule: Alle elevane har uteskule minimum ein dag i veka, dersom det passar med opplæringsmåla. Noko mindre uteskule vinterstid.</li><li>- Skulen nyttar mykje Gapahuken som ligg ved inngangen til Bømoen, og Bømoen generelt.</li></ul>




	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen har ikkje sløydsal, men har kjøpt inn utstyr slik at dei kan gje K&amp;H-aktivitetar i naturen</li><li>- Dei har ei praktisk tilnærming til faga og nyttar bla. aktivitet- og idresløyper, «Lego-spike» og «Education sphero bolt»</li><li>- Skulen har hatt særleg fokus på praktisk undervisning i matematikk og har bla. investert i digitale tavler.</li><li>- Skulen har eige amfi, no og framover ynskjer dei å styrke arbeidet med musikk og drama. Per i dag har dei fellessong for 1.-4. trinn ein gang i veka</li><li>- Hausten 2025 vert det oppstart med skulehage</li></ul>
--	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Kløve og Regnbogen barnehagen
Tilknyting til andre tenester	
Bustad og næring	Fleire større bustadområde og mogleg vidare utvikling i Bømoen. Det er også mykje næring i skulekrinsen, primært på nordsida av E16

### Kartutsnitt skulekrins





## Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

### Innspel frå elevrådet

Elevane skriv at dei trivst på Palmafossen skulen. Av positive ting på skule trekk dei fram:

- Nærleik til idrettslag og å kunne nyta fotballbanen og leikeplassen i friminutta.
- Skulen ligg nære alt, til dømes butikkar.
- Det er passe mange elevar på skule og dei fleste kjenner kvarandre. Det er trygt.
- Me har flinke lærarar

I høve eventuelle endringar gjev dei følgjande melding:

- Det er heilt ok å bytte ungdomsskule, dersom me må dette. Men, det er litt dumt om me ikkje får gå saman med vennane våre frå andre skular.
- Me vil ikkje byta barneskule, me trivs her.
- Me ynskjer ikkje at berre nokre få må bytta skule

### Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

#### Dette er med nøgde med

- Tilsette med god og brei kompetanse innan dei fleste fagområde også miljøpersonale
- To-lærar i store klassar
- Godt tverrfagleg samarbeid og organisering mellom kollega
- 1:1 dekning med pc/ læringsbrett samt lærebøker i dei fleste fag på alle trinn. I tillegg får elevane opplæring i teikn- til- tale.
- Eigen plan for tilrettelagt opplæring og intensive lese- og reknekurs
- Utstyr til kunst og handverk, matematikk, naturfag, uteskule.
- Godt tilrettelagt og vedlikehaldet skulebygg og uteområde. Med bla nærleik til Bømoen, store klasserom, amfi og mage grupperom.
- God skule – heim samarbeid, tilgjengelege leiing og eit aktivt FAU
- Gode føreseielege rutinar som skapar tryggleik for elevar og foreldre
- Eit godt læringsmiljø der elevane vert sett og følgjt opp
- Det er ein overkommeleg skuleveg til Palmafossen

#### Forbetningsområde

- Sløydsal
- Tilgang innandørs for rullestol til gymsal
- Gang og sykkelveg tilknytt enkelte vegar mot skule
- Bussruter i høve tilkomst miljøvennleg til skulen for tilsette.

### FAU om skulen sin plass i nærmiljøet Skulen i lokalsamfunnet

- Skulen skapar tilhøyrja og ein kjenner eigarskap til ein skule som ligg i nærmiljøet. Ein bur i nærleiken av skulekameratar og skulen er ein lett tilgjengeleg møteplass på fritida.



- Positivt at elevane kan gå til skulen. Dette er viktig i ein travel kvardag slik at elevane rekk aktivitetar og leik på fritida
- Det gjev tryggleik å ha ein skule i nærleiken. Skulen bidrar til verdiskaping og gjer det meir attraktivt for familiarar å bli buande, eller flytte til nærområdet.
- Tett samarbeid med idrettslaget Viljar i høve utnytting av uteområde, der ein får nytta idrettsanlegget til Viljar og dei får nytta gymsalen. Deler på innkjøp av utstyr til gymsal, gjev gratis parkering for tilsette, arrangement og inkludering av elevar i idretten. Godt samarbeid med fallskjermklubb i høve lån av leikeplass til uteskuledagar.

### FAU om skulekvardagen til elevane

- Viktig at elevane vert sett og at det vert lagt til rette for å danne gode relasjonar
- At eleven kjenner seg trygg og har ein føreseieleg og oversiktleg skulekvardag.
- Trygg skuleveg
- Godt læringsmiljø der eleven kan få hjelp etter eige behov
- Gode uteområde med plass til ulik leik og aktivitet
- Fagleg dyktige og engasjerte lærarar.  
Klare strukturar og rutinar som bidreg til ein trygg og føreseieleg skulekvardag.
- Leiinga er tydeleg, tilgjengeleg og at det er eit godt samarbeid mellom kollega på skulen og skule – heim samarbeidet.

### FAU om ulemper og fordelar ved strukturendringar

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"><li>• Kan redusera utfordringa med bemanning ved at ein får fleire å spele på</li><li>• Elevane får fleire å spele på sosialt</li><li>• Samling av ressursar kan gje betre utnytting av økonomi, personale og materiell, noko som kan styrkja kvaliteten på undervisninga</li><li>• Eit større kollegium kan føra til meir samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utvikling. Det kan også gjere det lettare å rekruttere og behalda kvalifiserte lærarar.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• For store klassar som vert uoversiktleg og gjer det vanskelegare å skape ro og gode læresituasjonar</li><li>• Vert vanskelegare å sjå kvar enkelt elev</li><li>• At fellesskapsfølelsen og kjensla av tilhøyrslle vert redusert, grunna menga elevar og foreldre</li><li>• Lang reiseveg for enkelte elevar</li><li>• Meir utfordrande logistikk for foreldre</li><li>• Fleire vaksne å forhalda seg til for barn og foreldre.</li><li>• Tap av lokal tilknyting.</li></ul>